

**Fra:** Eivind Lervik <eivind.lervik@outlook.com>  
**Sendt:** mandag 2. mai 2022 23:14  
**Til:** Postmottak Alver  
**Emne:** Innspel til AR5 - NIBIO Gardskart - Lervik  
**Vedlegg:** Innspel - Fargetoner.pdf; Innspel - Flyfoto.pdf; Innspel - I dag.pdf

Hei!

Eivind Lervik her. Viser til hyggeleg samtale med Laila Bjørge på landbrukskontoret i førre veke. Eg kontaktar dykk i dag med eit innspel til AR5-kartet som ligg på NIBIO sine nettsider (Gardskart). Blei råda å sende dette skriftleg inn til kommunen med teikningar og forklaring.

Eg og grunneigar på gard 458 - bruk 1/2/3, Thore Helland, har blitt einige om å sende inn dette innspelet til dykk i samanheng med at me heldt på med eit innspel til arealdelen i kommuneplanen. Der vil me spele inn eit ynskje om LNF-spreidd bygging i Lervik-bygde på Radøy, då eg vil prøva å skilja frå tomt og busette meg der. I forkant av dette ønskjer me at det som står i kartet om dyrka mark og beite er riktig. Me har derfor snakka saman om å få rette det området eg ser på til tomt til beite, samt å rette ein del som i dag står som beite om til overflatedyrka jord.

Eg har vedlagt utskrift frå NIBIO sitt gardskart der me viser kva me ynskjer å spele inn. Det står forklart på biletet kva fargane tyder, men her er også ei forklaring:

På teikninga har me teikna inn med tre farger: gult, raudt og blått. Dei to **raude** områda er det me ynskjer å spele inn at er **innmarksbeite**. Dei to områda me har teikna inn med **gult** spelar me inn at er **overflatedyrka jord**. Det blåe området er jord som i dag står som overflatedyrka jord. Dette arealet har dei seinare åra vorte brukt som beite. Me er usikker på om dykk også vurderer andre areal dersom dykk kjem på synfaring, så me har teikna inn området for å forklare at dette området er foreslått utbetra. Dersom innspel til arealdel av kommuneplanen vert tatt inn, vil eg byggje veg fram til tomta eg vil byggje hus på. Dette vil ta litt av området som er skravert med blått, men me ynskjer å då i same omgang å betre denne marka. Me vil då sprengje vekk knausar som gjer det vanskeleg å slå der per i dag, og bruke jorda frå vegbygginga til å gjevne ut marka. Dette vil være bruket tent, samt at eg får veg fram til hustomta som også gardsbrukaren skal bruke nord mot markene.

Håpar dette var klargjerande for saka.

Ynskjer gjerne ei stadfesting på at dykk har motteke innspelet. Greitt å vite at det har kome fram til rett plass. Dersom dykk har spørsmål eller anna, så er de bere å kontakte meg på mobiltelefon: **95444677**. Grunneigar Thore har ein travel kvardag, så eg har tatt på meg å spele inn og følgje denne saka for oss. Me har løypande kontakt, men dersom dykk treng å nå han har han telefonnummer: 92656768. Elles svarar eg gjerne også på mail, eller kan ta ein møte med dykk dersom det skulle vere ønskjeleg. Dersom de vil kome på synfaring er det bere å gje ein lyd.

Ser fram til å høyre frå dykk!

Mvh,  
Eivind Lervik og Thore Helland